



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 46

(2008–2009)

Pensjonar frå statskassa

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 13. mars 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I samsvar med § 75 bokstav i) i Grunnlova, legg departementet med dette fram for Stortinget ei liste over dei pensjonane som gjeld mellombels, og som ikkje vart reviderte av det førre Stortinget.

Heile summen av pensjonar som blei utbetalt i 2008, var på kr 21.946.272,82. Det er løyvd kr 21.700.000,- på kap. 1541, post 01, Pensjonar frå statskassa, på statsbudsjettet for 2009.

For enkjer/enkjemenn gjeld pensjonen så lenge dei er ugifte.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om pensjonar frå statskassa.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om pensjonar frå statskassa i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om pensjonar frå statskassa

I

Nr.	Namn	Opplysningar om søkjaren		Vedteke	Pensjon		Merknad
		Alder ved avskjeden (for enkjer, noverande alder)	Pensjons-ansiennitet		Brutto	Gitt frå	
<i>Utanriksdepartementet</i>							
1	Inga Lill Jones	-	-	14.01.2008	2.259,-	01.01.2008	
2	Ali Darkazali	62	-	15.02.2008	2.102,-	01.06.2008	
3	Siri Øwre	69	13	13.03.2008	8.465,-	01.01.2008	
4	Chantal Petit	66	-	29.04.2008	5.203,-	01.04.2008	
5	Vadim Kotov	58	-	29.10.2008	3.852,-	01.09.2008	
6	Manuel Calero Mercado	66	-	03.08.2008	200,-	01.04.2008	
7	Karin Novotná	58	-	04.04.2008	1.653,-	01.07.2008	Vert gitt pensjon frå 01.07.2007, men ho gjekk ikkje av før 01.07.2008 og har difor ikkje teke ut pensjon tidlegare.
8	Fernando dos Reis	61	-	21.02.2005	6.347,-	01.04.2007	Har hatt pensjon frå 01.04.2005. Pensjonen vert redusert frå 01.08.2008 då han får auka sin lokale pensjon
<i>Andre</i>							
9	Per Pettersson	69	4	26.06.2008	3.655,-	01.05.2008	